Fylkesmannen i
Hordaland

Saksbehandler, innvalgstelefon
Sissel Storebø, 55 57 22 20

| Vår dato | Vår referanse |
|---|---|
| 07.07.2006 | 06/7566- 471 |
| Deres dato | Deres referanse |

# Inspeksjonsrapport

**Inspeksjonsrapport nummer: 06. 069**

## Informasjon om verksemda

| | |
|---|---|
| Namn: Bia Miljø AS | Dato for inspeksjonen: 07.07.2006 |
| Adresse: 5315 Herdla | Telefon/e-post: 56 15 11 00 egil@online.no |
| Besøksadresse: Mjølkevarden | Organisasjonsnr: 956 267 803 Anleggsnr.:A60495 |
| Kommune/kommunenr.: 1247 Askøy | Bransjenr. (NACE-kode): 25.230 |

## Tilstades under kontrollen

| | |
|---|---|
| Frå verksemda:<br>Egil Skorpen<br>Hans Arne Ramsvik | Frå Fylkesmannen:<br>Kjell Kvingedal<br>Sissel Storebø |

**Innhald i rapporten**
Rapporten omtalar dei avvik og merknader som vart konstatert under kontrollen. Hovudtema for kontrollen var kjemikalie og handtering av farleg avfall.

**Resultata av kontrollen**
Fylkesmannen avdekte totalt **3** funn, beståande av **3** avvik* og **0** merknader*, under kontrollen. Sjå vedlegget til rapporten.

**Oppfølging etter kontrollen**

☐ Inga tilbakemelding.

☒ Pålegg om tilbakemelding.
Fylkesmannen pålegg verksemda å gje ei skriftleg tilbakemelding som stadfestar at tilhøva er retta og som gjer greie for gjennomførte tiltak når det gjeld avvik.

Frist for skriftleg tilbakemelding er: **1. oktober 2006**.

Pålegget om skriftleg tilbakemelding er gitt med heimel i forureiningslova § 49 og/eller produktkontrolloven § 5. Vedtaket kan påklagast innan 3 dagar etter at pålegget er motteke, jf. forvaltningslova § 14. Ei eventuell klage bør grunngjevast og skal sendast Fylkesmannen. Dersom Fylkesmannen ikkje mottek den pålagte, skriftlege tilbakemeldinga innan fristen, kan vi fatte vedtak om tvangsmulkt. Meir informasjon om eventuelt vedtak om tvangsmulkt står på side 2 i rapporten.

| Mjølkeviksvarden | 07.07.2006 | Sissel Storebø |
|---|---|---|
| Sted | Dato | Fylkesmannen i Hordaland (etter fullmakt) |

* Avvik og anmerkningar er definert på side 2 i rapporten

**Definisjon på avvik og merknader**
**Avvik**: brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerheitslovgjevinga; t.d. brot på krav i forureiningslova, produktkontrollova, forskrifter heimla i desse to lovene, eller krav og vilkår fastsett i løyve eller dispensasjonar.

**Merknad**: eit tilhøve som tilsynsetatane finn naudsynt å påpeike for å ivareta helse, miljø og sikkerheit og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

**Informasjon om vedtak om tvangsmulkt**
Dersom fylkesmannen ikkje har moteke den skriftlege tilbakemeldinga innan fristen, kan Fylkesmannen fatte vedtak om tvangsmulkt. Vedtak om tvangsmulkt blir gitt med heimel i forureiningsloven § 73. Ei eventuell tvangsmulkt kan bli gitt som eit eingongsgebyr eller eit løpande dagsgebyr som gjeld så lenge tilbakemeldinga ikkje er moteke.

**Farleg avfall og kjemikalie**
Farleg avfall inneheld helse- og miljøfarlige kjemikalie. Det kan ikkje handterast samen med forbruksavfall fordi det kan medføre alvorlege forureiningar eller fare for skade på menneske eller dyr. Farleg avfall på avvegar kan føre til at miljøgifter vert spreidd og hopar seg opp i naturen. Spreiinga kan skje gjennom forureina sigevatn frå deponi eller gjennom utslepp av forureina avgassar, slagg eller oske frå forbrenningsanlegg. Dersom vi slår farleg avfall i kloakken, kan det medføre at kloakkreinseanlegga ikkje fungerar som dei skal, slik at meir forureining kjem ut i sjø og vassdrag.

*Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall* (avfallsforskrifta) har i kapittel 11 reglar for farleg avfall. Her er det reglar for forsvarleg oppbevaring med vidare av farleg avfall (§11-5), krav om løyve (§ 11-6 og § 11-7), leveringsplikt (§11-8), deklarering (§11-12) og tilsyn (§11-15). I tillegg finst ei rekkje regelverk knytt til bestemte typar farleg avfall eller tilgrensande område. Dette gjeld blant anna for batteri, spillolje, oljehalde avlaupsvatn, fotokjemikalie, amalgam, PCB-haldig avfall og liknande.

Informasjon om kva kjemikalie som er regulert/forbodne finst i *Forskrift om begrensning i bruk av helse- og miljøfarlige kjemikalier og andre produkter* (produktforskrifta). Dette gjeld blant anna bromerte flammehemmarar, kadmiumforbindingar, nonyl- og oktylfenol og deira etoksilat.

Det fins linkar til aktuelle lover og forskrifter på SFTs heimeside www.sft.no, eller via www.Regelhjelp.no.

☒ **Avvik 1: Verksemda har mangelfull internkontroll**

**Avvik frå**: *Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta), § 5 andre leden pkt. 1-8.*

Grunnlaget for avviket er kryssa av nedanfor (avviket er ikkje basert på ein fullstendig gjennomgang av internkontrollen)

☒ a) Verksemda har mangelfulle rutinar/manglar dokumenterte rutinar for handtering av farleg avfall (pkt 7)

☐ b) Verksemda har mangelfulle rutinar/manglar dokumenterte rutinar for kjemikaliehåndtering (pkt 7)

☐ c) Verksemda har ikkje oversikt over dei farlege kjemikal som er i bruk og/eller sitt farlege avfall (pkt.6)

☒ d) Anna

**Kommentarar:**

a) Rutinene skal sikre forsvarlig lagring, håndtering og levering av farlig avfall og kjemikalier.

Det framgår ikke om om rutinene for farlig avfall er oppdatret siden 1993.

d) Stoffkartoteket skal oppdateres i samsvar med egen prosedyre.

HMS - datablad permen må gjennomgås og oppdateres.

☒ **Avvik 2: Verksemda har manglar ved kjemikaliehandteringa**

**Avvik frå:**
Produktkontrollova § 3a
*Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter,* § 5, andre ledd, pkt 7
*Forskrift om begrensning i bruk av helse-og miljøfarlige kjemikalier og andre produkter,* (produktforskrifta)

☒ **a)** Verksemda har ikkje vurdert substitusjon av helse- og miljøfarlege stoff for dei kjemikalia dei nyttar (Produktkontrolloven §3a)

☒ **b)** Verksemda kan ikkje dokumentere at vurderingane av substitusjon av helse- og miljøfarlige stoff er utført (Produktkontrollova § 3a, HMS- forskrifta, §5 2. ledd, pkt 7)

☒ **c)** Verksemda mangler dokumentasjon av rutinar for å halde plikta om substitusjon (Produktkontrollova § 3a, HMS- forskrifta, §5 2. ledd, pkt 7)

☒ **d)** Verksemda manglar ei systematisk vurdering av substitusjon av kjemikal som vert nytta (Produktkontrollova § 3a, HMS- forskrifta, §5 2. ledd, pkt 7)

☐ **e)** Verksemda nyttar kjemikalet/ kjemikala: **……………………………………………………..** som er forbode jf, *Forskrift om begrensning i bruk av helse- og miljøfarlige kjemikalier og andre produkter* (produktforskrifta)

**$e_1$)** ☐ § 2-8 Organiske tinnforbindelser
**$e_2$)** ☐ §§ 2-11, 2-12, 2-13 Kadmium
**$e_3$)** ☐ § 2-15 Klorerte løsemidler
**$e_4$)** ☐ § 2-17 Kortkjedede klorparafiner
**$e_5$)** ☐ § 2-18 Nonyl-/oktylfenoler og deres etoksilater
**$e_6$)** ☐ § 2-20 Penta- og oktaBDE
**$e_7$)** ☐ Kap. 6. Regulering av ozonreduserende stoffer §…..

---

**Kommentarar:**

Bedriften har plikt til å erstatte helse- og miljøfarlige kjemikalier med mindre farlige alternativer dersom det kan skje uten urimelige kostnader eller ulempe.
Rutinene må sikre at produktene ikke inneholder forbudte stoffer.

☒ **Avvik 3: Verksemda handterer ikkje sitt farlege avfall i samsvar med krav.**

**Avvik frå:** *Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall* (Avfallsforskriften)
Kapittel 11: Farlig avfall

☒ a) Verksemda overskrid lagringstida for farleg avfall (§11-8)

☒ b) Verksemda leverer ikkje farleg avfall vidare til godkjend innsamlar/mottakar (§11-8)

☒ c) Verksemda har ikkje fylt ut deklarasjonsskjema for farleg avfall (§11-12)

☐ d) Deklarasjonsskjemaet er ikkje tilfredsstillande utfylt (§11-12)

☒ e) Verksemda kan ikkje dokumentere at farleg avfall er levert (§§11-8 og 11-12)

☒ f) Verksemda har ikkje tilfredsstillande emballering/merking av lagra farleg avfall(§11-12)

☒ g) Verksemda har ikkje tilfredstillande lagring av farleg avfall (§ 11-5)

☒ h) Avfallet er ikkje tilstrekkeleg sikra mot uvedkomande utanom opningstida (§ 11-5)

☒ i) Verksemda blandar farleg avfall med anna avfall (§ 11-5)

☐ j) Verksemda blandar forskjellige typar farleg avfall (§11-5)

☐ k) Verksemda utførar ulovleg handsaming av eige og andre sitt farlege avfall (§11-6)

☒ l) Anna (kva): Bruk av ukjent olje

**Kommentarar:**

Bedriften har aldri levert farlig avfall til godkjent mottak for farlig avfall. Har nylig inngått Avtale med Vitek. Aceton-rester var lagret utendørs på plassen uten merking. Dette skal være sikret mot uvedkommende og med hensyn til mulig søl/lekkasje til grunnen. Området rundt råstofflageret var tilsølt. Bedriften har nylig startet opp med oppsamling av flytende aceton, tidligere ble dette lagret over tid for herding. Dette er en form for behandling av farlig avfall, som er ulovlig uten særlig tillatelse fra SFT. Olje av ukjent opphav blir brukt til smøreolje i bedriften. Bedriften må kunne dokumentere at denne oljen ikkje er farlig avfall. Spraybokser med lakk går i Restavfallet. Ukjent hvor lysstoffrørene blir levert.

☐ **Andre avvik:**

**Avvik frå:**

**Kommentarar:**

☐ **Merknad 1:**

**Kommentarar:**

☐ **Merknad 2:**

Kommentarar:

**Andre kommentarar/ utdjupingar:**

☐ Verksemda importerer over 100 kilo kjemikalie, produkt pr år som er klassifisert eller merka med faremerke. Kjemikalia er ikkje deklarerte til Produktregisteret. Dette vert følgt opp av SFT.

Bedriften har en eldre utslippstillatelse fra sFT datert 30.03.1987. Denne må søkes oppdatert eller opphevet.